





Dåpen er ei gåve frå Gud,
gitt av nåde, tre handfuller vatn,
auste opp i namnet åt Faderen,
Sonen og Den heilage ande til
evig liv. Vi går framtida i møte
saman med Kristus.

Frå biskopane sin dåpstekst
«Dåpsgåva»

Utgjevar

Kyrkjerådet i samarbeid med Stavanger bispedømmeråd

Opplegget er utarbeidd av

Gunn Heidi Dybdahl og Cecilie Bakkene Pedersen
for Stavanger bispedømmeråd

Design:

Dugg Design

Trykk

Rolf Ottesen AS

Bibelsitata

er henta frå Bibel 2011 © Bibelskapet

Salmar

frå Norsk salmebok er brukt etter avtale med
rettighetshavarane og © Eide forlag.

Takk

til alle som har gitt gode språklege og
innhaldsmessige innspel underveis.

Innleiing - å samtala om dåp

Oversikt over opplegget:

Del 1: Til førebuing:

- Nærvarer
- Dåpsgudstenesta
- Trusopplæring – i kyrkja og i heimen
- Kyrkjrommet

Del 2: Symbol til samtale:

- Bibelen
- Den heilage ande
- Døypefonten
- Dåpskjolen
- Dåpslyset
- Bønn
- Fest
- Lysgloben
- Salmar og musikk
- Skjelet

Det finst ei oversikt over alle symbola over to sider.

Dåpen rommar alt. Han rommar heile livet og trua.

I dåpen tar Gud imot oss og sameinar oss med den krossfesta og oppstandne Jesus Kristus (Frå dåpsliturgien til Den norske kyrkja.)

I dåpen skal vi få erfare nettopp dette:
Å bli tatt i mot.

Frå monolog til dialog

Dåpssamtalen er ein samtal om dåp. Så enkelt og så spennande! Ein samtal inneber at begge partar deler. Tanken bak dette opplegget er å skapa ei ramme som legg til rette for at ein gjer nettopp det: Deler!

Nyare forsking på dåp viser at det er mykje monolog i dåpssamtalen og at foreldra i liten grad tar aktivt del i samtalen (Austnaberg, VID Misjonshøgskolen: 2018).

For at dåpssamtalen skal bli ein samtal, tar opplegget utgangspunkt i artefaktar, som språk, symbol og ting/konkretar.

Å knyta samtalen til symbol vil truleg gjera det lettare å få eit forhold til kva som skjer på sjølve dåpsdagen, og kva det inneber å bli døypt.

Til kvart symbol er det eit forslag til korleis ein kan snakka saman, og konkrete ting som kan *gjerast saman* med foreldra. Det kan vera å risla i dåpsvatnet eller å leita etter symbol i kyrkjrommet. Ein samtal som inkluderar foreldra på ein god måte føreset ein trygg atmosfære. Gode verktøy for å åpna opp samtalen finn du i dette opplegget.

Fleksibelt opplegg

Opplegget består av to delar: Del 1: Til førebuing og Del 2: Symbol til samtale. Den første delen er tenkt som ei førebuing for den som skal ha samtalen. Her er det viktige ting å reflektera over før møtet med foreldra, slik at samtalen blir best mogleg. Symbola til samtale kan brukast underveis i sjølve samtalen av den som leiar han.

Dei kan brukast i både dåpssamtalar og dåpssamlingar, i kyrkja, på kontoret eller i heimen der barnet bur. Det er viktig å velja ut kva symbol du vil ha fokus på og gjera eit bevisst utval av innhald, slik at samtalen møter foreldra der dei er. Tida du har til rådighet vil bety noko for kor mange symbol du kan bruka.

Språk og teologi

Språket i opplegget er valt med tanke på mottakaren. Teologi kan vera utfordrande å formidla. Derfor har vi valt ei språkdrakt som kan gjera det lettare å formidla teologi i eit «forståeleg» språk. [Tekst som er markert i turkis er innspele du kan bruka i samtalen med foreldra.](#) Det som står med svart tekst er primært til eiga førebuing.

Lukke til!

Til førebuing

Heilage augneblink

Korleis få til ein samtale om dåp der alle deltar? Symbola i dåpen kan hjelpe oss til det. Dei kan opna nye rom og handlingar som rører ved oss. Kanskje er det nettopp då trua kan veksa?


«Kirken skal være kirke med sitt enestående budskap, sine fortellinger, symbolspråk og ritual, men dette må gjøres slik at foreldrene blir berørt og opplever et transcendent øyeblikk.»

Sitatet er frå masteroppgåva «Dåpssamtalen mellom det hellige og det alminnelige: Kirkens utfordringer i møte med unge foreldre i en postmoderne tid» av Cecilie Holdø.

Ved å ta i bruk symbola i dåpen kan vi bidra til å skapa heilage augneblink.



Nærvær



Dåpsgudstenesta



Kyrkjerommet



Trusopplæring



Nær vær

Å samtala med nokon handlar om nærvær – om å forstå korleis dei du møter har det. Alt startar med å vera var. Å vera var er heilt nødvendig for at møtet som skjer i dåpssamtalen skal bli eit godt møte. Forsøk å legga merke til kor familiane er gjennom kroppsspråk og ansiktsuttrykk. Verkar dei nervøse eller trygge?


- Har du tenkt på kva slag atmosfære du skaper i dåpssamtalen?
- Kva trur du må til for at dåpssamtalen kan opplevast som trygg?

Dåpsfamilien kjem med sitt nyfødde barn med forventing om å bli sett og bekrefta som dei er og i valet dei har tatt. I dette møtet ønsker kyrkja å formidla omsorg og kunnskap om kristen tru og skapa rom for å høyra til. Då er det fint om språket er forståeleg og inkluderande.

Dåpsforeldra kjem til kyrkja med ei forventing om at her *feirar* ein dåp. Det er viktig å understreka feiringa og ta på alvor kor stor denne dagen er for kvar enkelt familie. Det er ein like stor dag for kyrkjelyden. Kvart enkelt barn som blir bore til dåp minner oss om Guds nåde og om at vi er skapt av Gud.

*For augo våre faldar ein skapardraum seg ut:
Eit vakkert lite menneske, eit bilet av Gud.
Vi ser det og vi kjenner
strok av himmel mot vår hud.*

Norsk salmebok 2013, nr 592, v.1
Tekst: Elisabeth Moldestad



Dåpsgudstenesta

Det er fint å gi dåpsforeldra god informasjon om dåpsgudstenesta slik at dei blir trygge. Kanskje nokon gruar seg litt til dåpsdagen? Informasjonen må tilpassast til om barnet skal bli døypt i ei hovudgudsteneste eller i ei eiga gudsteneste, for eksempel på ein laurdag.

Huskliste for informasjon om dåpsgudstenesta:

- Oppmøte seinast 20-30 minutt før gudstenesta startar. Forklar foreldra kva rom dei kan vente i og om nokon tar imot dei.
- Gi informasjon om det blir delt ut salmebok og program, eller om det blir brukt storskjerm heile gudstenesta.
- Inngangsprosesjon – kven deltar i han? Kor finn vi plassen vår etter prosesjonen?
- Når skal vi sitta og når skal vi stå?
- Er det nokon i dåpsfølget som har lyst til å lesa ein bibeltekst?
- Dersom det skal feirast nattverd, er det viktig med god informasjon om det.

Øving:

Om de har samtalen i kyrkja, ta gjerne dåpsfamiliane med på ei øving på inngangsprosesjonen. Sei litt om kvifor ein brukar prosesjonskors, og vis dei kor dei skal sitja når dei kjem inn.

Ønsker du å gi meir informasjon om sjølve gudstenesta, tilrår vi heftet «Gudsteneste – steg for steg» (IKO-forlaget).



Trusopplæring - i kyrkja og i heimen

Dåp og opplæring høyrer saman. Det er derfor viktig at barnet får undervisning i kristen tru, både i kyrkja og heime. I dåpssamtalen kan kyrkjelyden gi foreldra informasjon om kva moglegheiter som finst.

Trusopplæring i kyrkja

Det er bra om kyrkjelyden har ein enkel og fin brosjyre med oversikt over tiltaka i trusopplæringa, både breiddetiltaka og dei kontinuerlege tiltaka. Når brosjyren blir vist fram for foreldra, kan det vera lurt å legga ekstra vekt på tiltaka dei første åra etter dåpen, altså småbarnfasen. Er det større søskjen i familien, kan ein seja noko meir om tiltaka for dei aktuelle aldersgruppene.

Vis gjerne til at det er mogleg å følga kyrkjelyden via både nettsider og sosiale media.

Trusopplæring i heimen

Foreldra kan sjølv læra barna om den kristne trua. Gi foreldra frimod til å be kveldsbønn og bordbønn saman med barna. Har de ei bønn de kan dela ut, er det fint. Vis også til at ein kan synga med barna, lesa frå Bibelen eller andre bøker, pynta saman til jul og påske med kristne symbol og tenna dåpslyset på dåpsdagen.

Tips om materiell

Tips gjerne om IKO sin bokklubb for barn, eller andre gaver som foreldra sjølv, fadrar, beste-foreldre, tanter og onklar kan gi til dåpsbarnet. Det kan vera like fint som ei sølvskei.

Vis gjerne fram eksempel på gode bøker og barnebiblar.



Kyrkjerommet

Dåpsfamiliane kan ha ulike erfaringar med kyrkja der gudstenesta skal vera. Nokon har vore der mange gonger, andre få eller aldri. Det betyr at kjensla av tryggleik i forhold til kyrkjerommet vil variera frå familie til familie. Det er det viktig å ta omsyn til.

Dersom dåpssamtalen skal gjennomførast i kyrkjerommet, kan du ta foreldra med på ei kort omvising. Fortel gjerne litt om kyrkja, for eksempel alderen på kyrkja, om historia til altarbiletet, døypefonten og talarstolen, eller andre ting som er spesielle og spennande i dykkar kyrkje.

Vis familiene kor dei skal sitja under dåpsgudstenesta. Lat dei få sitja ned og ta rommet inn over seg. Vis dei gjerne dåpssakristiet.

Dersom dåpssamtalen er på kyrkjekontoret eller heime hos dåpsfamilien, ha med nokre bilete av kyrkjerommet. Vis på bileta kor dei mest sentrale tinga i kyrkjerommet er, kor dåpsfamilien kjem inn, kor dei skal sitja, og kor sakristiet er.

Det er fint om familiene er så trygge som mogleg på kyrkjerommet før sjølve dåpsgudstenesta. Sei gjerne noko om at den døypte og familien alltid vil vera velkomne i kyrkja og høyrer til der.

For inspirasjon til fleire måtar å bruke kyrkjerommet på, sjekk ut «Sansen for det hellige» (IKO-forlaget).

*Midt i vår verden, her hvor vi bor,
står et bygg som et tegn på vår tro.
Lyset og mørket, himmel og jord,
møtes her i en levende bro.*

Norsk salmebok 2013, nr 561, v.1.

Tekst: Arne E. Sæther

Symboler til samtale



Bibelen



Bønn



Den heilige ande



Døypefonten



Dåpskjolen



Dåpslyset




Fest



Lysgloben



Salmar og musikk



Skjelet



Bibelen

Fortel noko om Bibelen heilt kort til innleiing.

Bibelen er den mest kjøpte (og stolne) boka i verda – ei bok som består av 66 bøker. Den består av to delar: Det gamle og Det nye testamentet.

I Det gamle testamentet blir vi kjende med korleis Gud skapte verda og med menneska sitt forhold til Gud. Det nye testamentet startar med Jesu fødsel og fortsetjer med forteljingar om Jesu liv.

Det blir lese frå Bibelen fleire gonger i dåpsgudstenesta.

La foreldra få bla i kvar sin barnebibel, og sei noko om at den kan følga barnet mange år framover. Ved å lesa i Bibelen kan ein læra meir om den kristne trua.


Les gjerne forteljinga om Jesus og barna frå Markusevangeliet 10, 13-16.

*Milde Jesus, dine hender
la du kjærleg på dei små,
og du sa til dine venner
at til deg skal borna gå.
Sjølv du vart til Herrens tempel
eingong boren av di mor.
Lat meg minnast ditt eksempel
når eg høyrer dine ord.*

*Du til dåpen lét meg kalla
då eg var ein liten knopp.
Skal eg visna, skal eg falla?
Hjelp meg du å veksa opp!
Hjelp meg tidleg rett å læra
og å elska dine ord,
så blant dine eg kan vera
når dei samlast ved ditt bord!*

Norsk salmebok 2013, nr 582.

Tekst: F.M. Franzén



Bønn

Kva er bønn?

Når eit barn blir døypt, lovar foreldra og fadrane å be for barnet.

Alle kan be og ein kan be på mange ulike måtar. Bønn er ein måte å snakka med Gud på. Du kan be ei ferdig formulert bønn, som for eksempel «Vår Far», som Jesus lærte oss å be, eller du kan sjølv seia det du ønsker til Gud. Av og til finn vi kanskje ikkje ord, men det å «sukka» eller tenna eit lys kan også vera ei bønn. Vi kan be når noko er vanskeleg, eller vi kan takka for noko vi er glade for. Bønna kan vera kort eller lang.

Når barnet blir døypt, er heile kyrkjelyden med og ber for barnet, både på sjølve dåpsdagen og vidare framover.

Kveldsbønn

Det finst mange kveldsbønner. Det å ha ei fast avslutning på dagen kan gi tryggleik for barnet og nærliek mellom barn og foreldre.

Hjelp gjerne foreldra med å finna ei bønn som kan følga barnet.

Bordbønn

Det er ein fin ting å læra barn å takka Gud for maten og andre ting dei får. Å be bordbønn er ein måte å takka Gud for det grunnleggande i livet.

Del gjerne ut ei kveldsbønn og ei bordbønn. Kanskje de kan trykka dei opp i ei brosjyre, saman med oversikt over trusopplæringstiltak for dei minste?

*I kveld, Gud, vil eg takka deg for dåpen.
Du tok meg inn i ditt rike
lenge før eg visste om deg og din kjærleik.
Men no veit eg, og for meg er det godt å vita:
Eg er ditt barn!*

Frå «Ved sengekanten» (IKO-forlaget).

Tekst: Finn Wagle. Omsett til nynorsk av omsetjar.



Den heilage ande

I dåpen får den døypte Den heilage ande og blir medlem av kyrkja. I kyrkja brukar vi ofte ei due som symbol for Den heilage ande. Det er fordi Anden kom som ei due over Jesus då han blei døypt i Jordanelva.

Vis fram eit symbol av ei due, anten som eit symbol i kyrkjerommet eller i eit anna format for eksempel keramikkdue, tøydue, på dåpskluten eller på dåpslyset.

Det er ikkje lett å forstå eller forklara kven Den heilage ande er, og kanskje skal vi ikkje det heller. Den heilage ande sin funksjon er å bringa Gud nærmare menneska og menneska nærmare Gud. Anden skal minna oss om kva Jesus gjorde og hjelpa oss å tru på det.

Den heilage ande gir styrke og mot til å leva i den gåva som dåpen er. I 2.Tim 1,7 står det: «For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.»

Det går an å samanlikna Den heilage ande med vinden. Vi kan ikkje sjå vinden, men vi kan høyra han, kjenna han og sjå resultata av han.

Som eksempel: Ha gjerne med eit lett sjal og kast det opp i lufta, sjå korleis sjalet formar seg og lever mens det fell mot bakken. Det som skjer med sjalet kan vera bilete på Den heilage ande.

*Så led oss, o Gud, ved din Hellige Ånd,
som barn av ditt himmelske rike!
Ja, styr du vårt liv med din mektige hånd
og la oss få bli i din nåde.*

Norsk salmebok 2013, nr 588, v.4.

Tekst: Gerd Grønvold Sæue



Døypefonten

I dåpen brukar vi vatnet som er i døypefonten. Ordet «font» kjem frå latin og betyr kjelde. Vatnet symboliserer noko nytt – det skjer noko med barnet i dåpen: Barnet blir ein del av kyrkja og får høyra Jesus til.

Spør foreldra om dei har lagt merke til kor mange gonger presten auser vatn over hovudet til barnet. Ja, kvifor akkurat tre? Presten seier: «**Eg døyper deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande**». Det fortel noko om at Den treeinige Gud skaper, frelser og gir liv.

Lat dei foreldra og barna som ønsker det få risle med hendene i vatnet. Ta på det – kjenna på det.

Alle menneske treng vatn. Det gir liv og reinsar. Vatnet i dåpen viser at Jesus er ei kjelde til liv, som vi kan henta hjelp og trøyst hos. Han vil vera med oss når livet er godt og når det er tungt.


Presten kan teikna eit kors over kroppen sin (eller over barnet, viss det er med), og seja at barnet blir teikna med eit kors når det blir døypt. Som ei påminning om dåpen kan dei som vil dyppa fingeren i vatnet i døypefonten, og teikna eit kors på handa si eller over kroppen.

Det er fint å tenka på alle barna som er døypte i same døypefonten, gjerne i generasjonar tilbake. Vi høyrer alle saman i kyrkja.

*Det største skal få henda når vatn møter hud:
eit vakkert lite menneske får høyra til hos Gud.
Vi ser det og vi kjenner
von om nåde livet ut.*

Norsk salmebok 2013, nr 592, v. 4.

Tekst: Elisabeth Moldestad



Dåpskjolen

Dåpskjolen er eit symbol med lang tradisjon. Kanskje har nokon i familien brukta kjolen tidlegare? Den ber med seg ei historie om dåpsbarnet sin familie. Nokre vel og å bruke bunad, samisk drakt, fintøy eller nokon anna.

Det finst ingen reglar for kva ein skal ha på seg når ein blir døypt, men det er ein gamal tradisjon å kle seg i kvitt. Kvitt er kyrkja sin festfarge.

Enkelsamtale: Fortel litt om dåpskjolen/dåpsdrakta de har valt.


Dåppssamling: Snu deg til sidemannen og fortel litt om dåpskjolen/dåpsdrakta de har valt.

Dersom de har ein dåpskjole i kyrkja, vis fram denne og gi informasjon om korleis ein kan låna han. Eit bilet av ein dåpskjole kan også brukast.

For barnet blir dåpen noko å veksa inn i. Det får del i noko som er større. Dåpen er ei gave og den døypte skal få veksa i trua. Den lange dåpskjolen er eit symbol på dette og for korleis Guds kjærleik og nåde er større enn vi kan forstå.

*Kvite klede, himmelglede,
kledd for liv og jord og nød.
Drakta mi er vevd av nåde
og av lyset i din glød.*

Norsk salmebok 2013, nr. 594, v.1.
Tekst: Kristin Reitan



Dåpslyset

Det er stadig meir vanleg å brukha dåpslys i samband med dåp i kyrkjene våre. Når barnet har blitt døypt, blir dåpslyset tent.

Dette lyset er ei påminning, kor Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys» (Joh 8,12). Jesus vil vera eit lys i våre liv. Alle døypte får også ei oppmading om å vera eit lys for andre menneske.

Når dåpslyset blir tent, bør elden koma frå alterlysa eller Kristus-lyset i lysgloben, alt etter kva som er vanleg i kyrkjelyden.

På dåpslyset plar det vera eit Kristus-monogram (kristogram) med bokstavane P og X. Dette er dei to første bokstavane i Kristus på gresk. Lysa kan også ha andre kristne symbol.


Hald fram dåpslyset de brukar. Fortel kort om symbola på lyset, og lat foreldra koma med innspel.

Etter dåpsgudstenesta får foreldra ta med seg lyset heim.

Sei gjerne noko om at det kan vera fint å tenna dåpslyset heime på dåpsdagane framover. Lyset kan hjelpe familien til å huska det som skjedde på dåpsdagen, og minna om Guds løfte om å vera med oss alle dagar, både dei gode og dei därlege.

*Nu e alle lysan tent herinne
sånn at ikkje mørket kommer til.
Måtte alltid gode lamper skinne
sånn at ingen barn kan gå sæ vill:
lyse som fortellinger om nåde,
lyse for barmhjertighet og håp,
lyse for et lite barn som kommer
i ei kyrkje i en hellig dåp.*

Norsk salmebok 2013, nr. 593, v.2.
Tekst: Kari Bremnes



Fest

Dåp er fest, og han er den første festen for barnet. Eit nytt barn er noko stort og flott som påverkar heile familien. Det er mange kjensler i sving. Nokon opplever stor takksemd, mens andre opplever det nye livet som krevjande. Her er det viktig å visa varsemd i møte med familien, samtidig som ein formidlar den høgtidsopplevinga familien ventar å møta i kyrkja. Det er stor grunn til å visa glede og nyta dette «vindauge» av takksemd og openheit, som foreldre opplever når dei har fått eit nytt barn.

Dåp er ei feiring av det nye livet. Det er ein stor dag både for familien og kyrkja.

Spørsmål til foreldra:


1. Korleis har de tenkt å feira dåpen?
2. Kva er viktig for dykk med denne festen?

Barnet er skapt av Gud. I dåpen blir vi minna om at vi høyrer til Gud og får del i Guds frelse. Det er fint å feira det nye barnet med ein fest. Dåpen er eit synleg teikn på at barnet er i Guds hender, og vi ber om at Gud er med oss.

*Det skjer et under i kirken, større enn verden vet.
Barnet får del i Guds rike, svøpt i hans kjærlighet.
Ingen på jorden er himlen så nær,
som barnet han tar i sin favn.
Som barnet han tar i sin favn.*

Norsk salmebok 2013, nr 591, v.1.

Tekst: Gerd Grønvold Sauv



Lysgloben

Ved lysgloben eller annan stad for lystenning:
Tenn eit lys – som ei bønn og takk for dåpsbarnet. Be gjerne ei kort bønn. Dersom det er naturleg, ver stille ei lita stund.

Vi tenner lys frå det store lyset i midten, som blir kalla «Kristus-lyset». Dette viser til Jesus, som er lyset for verda.

Den store sirkelen symboliserer jorda. Alle lysa rundt symboliserer oss menneske og våre bønner.

Er du heime hos familien, kan du fortelja om lysgloben og gjerne spørja om foreldra har eit lys som dei kan tenna for dåpsbarnet. Har ein samtalen på kontoret, kan ein tenna eit lys der. Det finst også små globar ein kan ha på kontoret, viss ein har høve til det.

*Når eg så skal ut i verda,
aldri eg åleine er.
Møter freestingar på ferda,
følgjer du meg kvar eg fer.
Trygt skal dine hender bera
meg og sysken, far og mor.
Lat oss evig saman vera,
vi som var det her på jord!*

Norsk salmebok 2013, nr 582.
Tekst: F.M. Franzén

Salmar og musikk



Musikk kan skapa ulike kjensler i oss. Han kan gjera oss glade eller triste, eller han kan få oss til å minnast spesielle hendingar i livet. Det vil vera ulik musikk i for eksempel ei gravferd eller i eit bryllaup. Musikk er ein viktig del av livet, også i kyrkja. Musikken er med på å formidla sentrale sider ved den kristne trua.

Når det er dåp, blir det alltid sunge ein dåps-salme. Det finst 17 dåpssalmar i salmeboka.

Dersom kantor, eller andre som kan spela, er med i dåpssamtalen, vel gjerne ein av salmane som skal syngast i dåpsgudstenesta, og spel denne for foreldra.

Når de kjem til kyrkja og skal feira dåp, vil de anten få utlevert ei salmebok, eller så kjem salmane opp på storskjerm. Når salmeboka blir brukt, står nummera som skal syngast på et tavle i kyrkjerommet eller på eit program de får utdelt.

Lat foreldra bla i salmeboka slik at dei blir litt kjende med ho. Fortel gjerne foreldra litt om korleis salmetavla fungerer.



Skjelet

I årevis har pilegrimar bore med seg eit kamskjelet til Jakobs grav i Santiago i Spania. Pilegrimane er på reise og kamskjelet er eit gammalt pilegrimssymbol. Det er eit symbol på dåpen og oppstandelsen. Symbolet finst langs mange vegar, som merking av pilegrimsstiar, som leier fram mot eit mål. Det finst også i nokre kyrkjer.

Når barnet dykker snart skal bli døypt, brukar presten handa til å ausa vatn over hovudet til barnet. I England er det nokon som brukar eit kamskjelet til dette som eit symbol på reisa barnet nå skal ut på.

Dersom du er i kyrkjerommet, er det fint å brukha dette symbolet ved døypefonten. Dersom du har eit kamskjelet, kan du gjerne brukha det til å ausa vatn med. Viss du er ein annan stad, bruk gjerne ei skål med vatn og eit skjelet.


Lat foreldra få prøva å ausa vatn med kamskjelet.

Barnet har starta på ei reise. Kva draumar har de for barnet?

No begynner barnet på ei vandring i livet sitt. Livet vil by på mange utfordringar, men Gud står ved sida dykker alle dagar. Dåpen er også ei vandring. Den opnar ein veg vi skal få gå heile livet.

*I skuggen av dine venger Gud,
søkjer menneskeborna ly.
I naud og i glede tek du oss inn til deg.
Du gjev rastepplass for pilegrimar,
her er eng og kjelde, kvile og ny kraft.
Du lèt oss sjå det som er langt borte – og helsa det.
Styrk oss i vona og gå med oss på vandringsa heim.*

Norsk Salmebok 2013, side 1333



Ved å bruka symbola
i dåpen kan vi bidra til å
skapa heilage augneblink.



Dåpen rommar alt.
Han rommar heile livet og trua.
Dåpssamtalen er ein samtale om dåp.
Så enkelt og så spennande!
Ein samtale inneber at begge partar deler.
Tanken bak dette opplegget er å skapa ei
ramme som legg til rette for at ein gjer
nettopp det: Deler!



DEN NORSKE KYRKJA